



Arkivnr: 2015/4110-6
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.12.2016

Sal av Florvåg tannklinikk

Samandrag

På bakgrunn av klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta er det vedtatt at Florvåg og Kleppestø tannklinikk skal samlokaliseras i nye Askøy tannklinikk. Florvåg tannklinikk kan difor seljast.

Klinikken er ein seksjon i eit kontor- og forretningsbygg på Askøy, og har adresse Florvågvegen 93.

Det er innhenta takst, og marknadsverdien er vurdert til kr 2.400.000.

Fylkeskommunen har rammeavtale med næringsmeklar om tenester knytt til eigedomssal, og dei vil utarbeide salsprospekt, annonsere salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 2.400.000.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av Florvåg tannklinikk.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 2.400.000.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Takst Florvåg tannklinikk

Fylkesrådmannen, 21.11.2016

Fylkesrådmannen har utarbeidd klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. På bakgrunn av planen gjorde Fylkestinget den 08.03.16 vedtak om at Kleppstø tannklinikk og Florvåg tannklinikk vert samlokaliserte i Askøy tannklinikk.

Når Askøy tannklinikk opnar, vert det ikkje behov for Florvåg tannklinikk. Klinikken kan difor seljast.

Tannklinikken utgjer ein seksjon i eit kontor- og forretningsbygg på Florvåg, Askøy, og har adresse Florvågvegen 93. Klinikken har matrikkeleining gnr. 6 bnr. 1059 snr. 4 og ligg i eit område som i kommuneplanen er definert til sentrumsformål, medan reguleringsplanen for området er Forretning/Kontor/Bolig.

Klinikken består av venterom, korridor med resepsjon, 3 behandlingsrom, pauserom, 2 toalett med garderobe, røntgenrom, lab og teknisk rom/kott. Bruksarealet er på 152 kvm. Klinikken disponerer dessutan 4 parkeringsplassar.

Det er innhenta takst datert 11.10.16. Marknadsverdien er vurdert til kr 2.400.000.

Vi kan selje Florvåg tannklinikk på nyåret med overtaking når vi har flytta ut av han. Det blir antakeleg utflytting tidleg på vårparten 2017.

Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsere salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet stå ved lag så lenge.

Ein rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 2.400.000.